

Informasjon om geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal

Kommunekart for geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal er ein komplett innsynsløysning for kart med moglegheit for eigne påteikningar av areal, lengder, figurar og tekst, utskriftsmoglegheiter med og utan teiknforklaring, punktekspert til GPX fil for bruk i eigen GPS, og detaljert informasjon om objekt i kartet som til dømes bygg, eigedommar, adresser og arealplan. Frå arealplan (planområde) er det link til PlanInnsyn og WebPlan der meir informasjon om planen ligg. Turstigar ligg foreløpig kun inne for Ringebu. Skiløyper vil bli lagt ut etter kvart.

Søkefunksjonaliteten liknar eit Google søk. Skal du søke på ei adresse tastar du bare inn til dømes "Hanstadgata 4", for søker på gards- og bruksnummer tastar du inn til dømes "48/62" og tilsvarande for stadnamn. Svaret på søkeret kjem opp til venstre i skjermen.

Kommunen har ikkje lov til å legge ut informasjon om kven som eig eller festar ein eigedom, da det er i strid med personvernlovgjevinga. På eigedomsinformasjonen (klikk på eigedom i kartet) ligg det ein link til www.seeiendom.no, der en kan logge seg på med bankid, minid eller lignende for å få ut eigarinformasjon eller grunnboksinformasjon. For firma og profesjonelle brukarar som ofte må ha tak i eigarinformasjon eller grunnboksinformasjon og kanskje har behov for å kjøpe kart filer for planlegging eller prosjektering anbefalast
<https://www.infoland.no/portal/infoland/>

Verden rundt oss forandrar seg stadig så det vil alltid vere ting i terrenget som manglar i kartet. Vi ønskjer gjerne at det blir sendt tilbakemelding til kommunane om manglar og feil i kartet.

For smarttelefonar og lesebrett med Android eller iOS er det laga ein eigen app. Søk "Kommunekart" i GooglePlay eller AppStore. For bruk på andre mobile einingar og PC kan kommunekart.com opnast i nettlesaren. På einingar med GPS kan du bruke kommunekart til å navigere for å finne ei adresse, grense, startpunktet på en sti, eller finne tilbake til ein sti eller skiløype. Turstier og skiløyper vil bli lagt ut på denne appen etterkvart. Nøyaktigheita på navigasjonen er avhengig av kor god GPS ein har, kor mange satellittar som er tilgjengelege og støy i verdsrommet og atmosfæra.

PlanInnsyn er ein innsynsløysning for arealplanar, der du ved å klikke på planen eller søker på plannamn vil få opp dokumenta som tilhørar planen, dvs planføresegner, planskildring, vedtak mm. Det er mogleg å vise temadata som til dømes, dyrkamark, naturverdiar, flaumsoner mm. Planen kan også visast i 3D.